



I morgon er det museumsdag på Rød med eit variert program. Eit tema er om ski som er gamle og heimelaga og det er kome inn ei samling frå Inger Elise Helgeland. Broren hennar, Torgeir, laga ski til henne allereie då ho var 15. Det vert også synt fram ski laga av Sigvald Eik til bror sin Bjørgulv.

Dei eldste skia i bygdetunet si eige, er askeski med vidjebinding og ein bambussstav. Skikjennaren Arne Høyland fortel om ski gjennom ulike tidsperiodar. På biletet over ser ein nokre av skia som vert presentert.

Det heile tek til klokka 14 og nytt er servering av lokal mat frå Skorpo av Marit Langballe. Eit anna hovudtema er bruk av røykstova gjennom mange hundre år, Det skjer ved ei framføring av Reidun Horvei, Ole Didrik Lerum og Laila Korve.

Foto: Ola Matti Mathisen